
Saksnr: 2020/86-9
Saksbehandler Gunhild Raddum
Dato: 25.08.2020

Til:

Hovudutval for samferdsel og kollektiv

Frå:

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport

Sykkelbyen Stord - rapport 2013-2020

Sykkelbyen Stord har utarbeida rapport for dei to periodane Stord kommune har vore med i sykkelbynettverket. Det er jobba med både fysisk infrastruktur, kampanjar og inspirasjonstiltak for å få fleire til å sykle. Eit av dei viktigaste tiltaka har vore å etablere eit samanhengande hovudnett for sykkel, og over 40 mill kr er investert i sykkelbyarbeidet.

Sykkelbyarbeidet har fram til no vore eit treparts-samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen. Statens vegvesen har i samband med omorganiseringa signalisert at dei ynskjer å evaluere si rolle i samarbeidet.